



Bustaden til Endre Nilsen ligg rett overfor Systrene Nilsen som er øverst til venstre på denne skissa

Det vil bli ei relativt omfattande byggjeverksemd i kaiområdet no på nyåret. Ombyggjinga av løa på Sanden til bustad for Endre Nilsen har forlengst kome igang og no har kommunen gjeve igangsetjingsløyve for Rabben Feriesenter for ombyggjing og påbygg av sanitær- og servicebygget. Det vil få eit bruttoareal på 161 kvadratmeter fordelt med 90 på første høgda og 74 på andre høgda.



Bustaden til Endre Nilsen får dei samme dimensjonane som løa har i dag (Foto: Ola Matti Mathisen)

Byggjinga her kan setjast igang straks,
Det er eit vilkår at utomhusområdet og tilkomst må
tilretteleggjast for rørslehemma og verta universelt utforma.

Det er HEFØ Boligutvikling på Stord som skal ha oppdraget.
Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla og det ligg ikkje føre
protestar. Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre.

Nilsen sitt prosjekt er det Byggpartner Kvinnherad ved Frode Bu
som skal gjennomføra og firmaet har no søkt om avkøyrslse frå
kommunal veg.og om byggjeløyve.

Eksisterande treoverbygg skal
rivast men gråsteinsmuren nyttast. Det vert lagt vekt på at nybygget
skal ha den same form og materialvalg som det noverande og minst
mogeleg vindaug mot kyrkja.

Huset blir av same storleik som løa - med
ei grunnflate på 52 kvadratmeter. Innvendig bodplass blir lagt til loftet og
sportsbod til kjellaren. Tomtearealet er 692 kvadratmeter. Tomta har
adkomst til kommunal veg som er ope for vanleg ferdtsel.

Av Ola Matti Mathisen



Sanitærbygget vert i to høgder mot berre ei høgde no (Foto: Ola Matti Mathisen)